Noregs vassdrags- og energidirektorat

Alver kommune
Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

Vår dato: 15.06.2021
Vår ref.: 202016484-5
Arkiv: 323
Dykkar dato: 20.05.2021
Dykkar ref.:

Sakshandsamar:
Toralf Otnes
22959527/toot@nve.no

NVE si generelle tilbakemelding - Offentleg ettersyn - Detaljreguleringsplan for Grøn omstilling av Mongstad - Gnr. 127 bnr. 91 mfl. - PlanID 46312020006 - Alver kommune

Vi viser til oversending av høyringsdokument datert 21.05.2021.

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) er nasjonal sektormynde med motsegnkompetanse innanfor saksområda flaum-, erosjon- og skredfare, allmenne interesser knytt til vassdrag og grunnvatn, og anlegg for energiproduksjon og framføring av elektrisk kraft. NVE har også ansvar for å hjelpe kommunane med å forebygge skadar frå overvatn gjennom kunnskap om avrenning i tettbygde strøk (urbanhydrologi) NVE gir råd og rettleiing om korleis desse saksområda skal takast omsyn til ved utarbeiding av arealplanar etter plan- og bygningslova (pbl).

NVE prioriterer å gi innspel og uttalar til overordna planar og rettleiing/opplæring til kommunar med store utfordringar innanfor vårt saksområde. I tillegg prioriterer vi å gi uttalar til reguleringsplanar der det vert bede om fagleg hjelp til konkrete problemstillingar. Dette går fram av brev til kommunane datert 29.09.2017 om «NVEs bistand og verktøy i arealplanleggingen», der vi ber kommunen om å skrive tydeleg i oversendingsbrevet kva ein eventuelt ynskjer hjelp til i den enkelte sak. I denne saka kan vi ikkje sjå at det er bede om slik hjelp. NVE gjev difor ikkje konkret fråsegn i denne saka.

For generell informasjon og rettleiing knytt til NVE sine saksområde viser vi til:

- Kartbasert sjekkliste – NVE tema – kartbasert rettleiing for reguleringsplan
- NVE sine karttenester viser informasjon om flaum- og skredfare, vassdrag og energianlegg.
- NVE sin rettleiar 2/2017 Nasjonale og vesentlige regionale interesser innen NVEs saksområder i arealplanlegging som skildrar korleis interessene bør takast omsyn til i planen, slik at ein unngår motsegn.
- NVE si retningsline 2/2011 Flaum og skredfare i arealplanar skildrar flaum- og skredprosessar som kan vere til fare, og korleis farane bør utgreiast og innarbeidast i planar.

- NVE si sjekkliste for reguleringsplan er et nyttig verktøy for å sikre at alle relevante saksområde er vurdert og godt nok dokumentert.
- NVE sine sider om urbanhydrologi og Miljødirektoratet sin overvassrettleiar gir nyttig informasjon om korleis overvatn bør handterast i arealplanlegginga. Vi viser også til Norsk Vann sin rettleiar A162 – *«Veiledning i klimatilpasset overvannshåndtering»* og Norsk Vann sin rapport B22 - *«Vann og avløp i arealplanlegging og byggesaksbehandling»* som de finn her.
- Fleire nyttige rettleiarar og verktøy er tilgjengeleg på www.nve.no/arealplan.

NVE minner om at det er kommunen som har ansvaret for at det blir tatt tilstrekkeleg omsyn til flaum- og skredfare, vassdrag og energianlegg i arealplanar, byggeløyve og dispensasjonar. Dette gjeld uavhengig av om NVE har gitt råd eller uttale til saka.

Dersom det likevel er trong for NVE si hjelp i saka kan de kontakte NVE Region Vest med ein konkret førespurnad.

Med helsing

Ann-Kristin Larsen
fung. seksjonssjef

Toralf Otnes
senioringeniør

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.

Kopi til:

STATSFORVALTAREN I VESTLAND

KYSTVERKET

Alver kommune
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Vår ref	Arkiv nr	Sakshandsamar	Dato
2021/661-4		Turid Susort Jansen	15/06/2021

Fråsegn til detaljregulering Grøn omstilling av Mongstad - gnr 127 bnr 91 mfl. PlanID 46312020006 - Alver kommune - Vestland fylke

Kystverket syner til brev av 20.mai 2021 vedkomne ovannemnde.

Hovudføremålet med detaljreguleringsplanen er å etablere landbasert akvakulturanlegg med kai og hamn, biogassanlegg, osmoseanlegg, samt etablering av energitunneler under bakken som koplar raffineri, hydrogen-anlegg, høgdebasseng og akvakulturanlegg. Reguleringsplanen erstattar i si heilheit gjeldande plan for område med namn Storhamn Mongstad.

Vi viser til vårt fråsegn, datert 29.april 2021, til varsel om oppstart av planen.

I plansamanheng skal Kystverket ivareta omsynet til god framkomme, trygg ferdsle og forsvarleg bruk av farvatnet. Farleia i Fensfjorden er sterkt trafikkert av fleire typar fartøy og skip. Hovudkategori av skip med anløp til Mongstad forsyningsbase i dag er offshorefartøy/ spesialfartøy, lasteskip og tankskip. Statistikk henta frå kystdathuset.no viser 2338 ankomstar til Mongstad base for året 2019, der største lengde på skip er 250 meter.

Hamneinformasjon henta frå Kystdatahuset.no

Planforslaget legg til grunn ei vidareføring av eksisterande hamn og kai med noko utfylling i sjø. I tillegg til å vidareføre den eksisterande hamneaktiviteten, vil det bli ei auke i skipsanløp knytt til akvakulturanlegget, berekna til ca. 2-3 skipsanløp i veka ved fullskala drift.

Sentral postadresse: Kystverket, postboks 1502, 6025 ÅLESUND
Telefon: 07847
E-post: post@kystverket.no
Internett: https://kystverket.no
Org.Nr.: 874783242
Bankgiro: 7694 05 06766

Kystverket er positiv til grøn omstilling av området, og at det vert lagt til rette for sjøretta næringar. For å sikre trygg inn- og utsegling frå hamna bør ein innhente nautiske kompetanse tidleg i prosessen. Kystverket kan rådførast.

Når det gjeld føresegnene og tilvising til havne- og farvannslova minner vi om ny lov som trådde i kraft 1.1.2020 (til dømes må tilvising til §27 endrast til §14).

> *§ 14.Tiltak som krever tillatelse*
> *Tiltak som kan påvirke sikkerheten, ferdselen eller forsvars- og beredskapsinteresser i farvannet, kan ikke etableres uten tillatelse. Som tiltak regnes både innretninger, naturinngrep og aktiviteter. Det kan ikke gis tillatelse til tiltak som vil stride mot bestemmelser gitt i eller i medhold av denne loven.*
>
> *Kommunen er tillatelsesmyndighet for tiltak som nevnt i første ledd som skal settes i verk i kommunens sjøområde. Departementet er tillatelsesmyndighet for tiltak som skal settes i verk i farvannet for øvrig. Det samme gjelder tiltak som skal settes i verk innenfor kommunens sjøområde, men som kan påvirke sikkerheten eller ferdselen i hovedled eller biled.*

I føresegnene er det vist til krav om godkjenning av alle tiltak etter hamnelova frå Bergen og omland havnevesen. I planomtalen (døme kap. 7.6.8.2 s. 65) «*Hamne- og farvasslova skal mellom anna legge til rette for god framkomst, trygg ferdsel og forsvarleg bruk og forvaltning av farvatnet i samsvar med allmenne omsyn og omsynet til fiskeria og andre næringar. Fensfjorden er ei trafikkert farlei og Kystverket har mynde etter hamne- og farvasslova for det geografiske arealet knytt til farleiene. Utfylling i sjø for etablering av kai i høve til dagens situasjon vil krevje løyve frå Kystverket. Dette gjeld sjølv om hamneformålet ikkje går lenger ut enn gjeldande reguleringsplan for storhamn Mongstad».* Det bør vera samsvar mellom planomtalen og føresegnene når det gjeld hamnemyndigheit.

Stat og kommune har delt myndigheit etter havne- og farvannslova §14. Lova gjennom *Forskrift om farleder* (farledsforskrifta) definerer Kystverket sin myndigheit etter lova. Farledsforskrifta skjel mellom kommunalt sjøområde og hoved- og bilei (farlei). Det betyr blant anna at kommunen skal handsame søknader om tiltak i kommunalt sjøområde, og staten (Kystverket) søknader om tiltak i hovud- og bilei. Unntak er tiltak som fell inn under § 14 tredje ledd. Desse skal alltid handsamast av Kystverket.

Planområdet



Areal til farlei

Areal sett av til hamneformål (SHA1) ligg i kommunen sitt sjøområde og det er Bergen og Omland Farvannsforvaltning IKS som er hamnemyndigheit etter lova. Areal med

arealformål hamneområde i sjø (VHS) kjem ut areal satt av til farleia «Kvernhusneset». Areal til farleia er vist som med grønt skravert område i bildet til høgre ovanfor. Tiltak i dette arealet skal etter lova handsamast av Kystverket. Vi tilrår å nytte ordlyden «hamnemyndigheit» i føresegnene. Då vert kven som «hamnemyndighet» bestemt ut frå omfang av det som vert søkt om, samt om tiltak i kommunalt sjøområde påverke sikkerheten eller framkomma i farleia vert avklart mellom Kystverket og Bergen havn når søknaden ligg føre.

Med helsing

Jan Morten Hansen
avdelingsleder

Turid Susort Jansen
seniorrådgiver

Dokumentet er elektronisk godkjent

Eksterne kopimottakere:
Bergen og Omland Farvannsforvaltning

Statnett

Besøksadresse
Nydalen allé 33, 0484 Oslo
Postadresse
PB 4904 Nydalen, 0423 Oslo
Foretaksregister
NO 962 986 633 MVA
T +47 23 90 30 00
F +47 23 90 30 01
W statnett.no
E firmapost@statnett.no

Alver kommune

Postboks 4
5906 FREKHAUG

Saksbeh./tlf.nr.: Lars Erik Vindfallet Lauritsen/95109418
Deres ref./Deres dato: 20/1 7061/ 20.05.2021
Vår ref.: 20/01301-8
Vår dato: 02.06.2021

Høringsuttalelse - Offentleg ettersyn og høring - Detaljregulering - Grønn omstilling av Mongstad

Statnett viser til varsel datert 20.5.2021 om høring av detaljregulering for Grønn omstilling Mongstad i Alver kommune. Formålet med reguleringsplanen er å tilrettelegge for etablering av energituneller og landbasert oppdrettsanlegg inkludert eget osmoseanlegg for produksjon av ferskvatn og biogassanlegg for håndtering av fiskeslam og klekkeri/smoltanlegg.

Statnett eier, drifter og utvikler det norske transmisjonsnettet – og eier følgende elektriske anlegg i og ved det varslede planområdet:

- Lindås transformatorstasjon
- 300 (420) kV-ledningen fra Lindås transformatorstasjon mot muffeanlegget nærmere Fensfjorden, hvor luftledningen går over til kabel ut i Fensfjorden.

Vedlagt er et oversiktskart over anleggene.

Utover de eksisterende anleggene gjør vi oppmerksom på at Statnett har planer i området som er nærmere beskrevet under, slik at tiltakshaver må ta nødvendige hensyn til drift og utvikling av anleggene. Statnetts merknader følger under, samtidig som vi viser til våre merknader til varsel om planoppstart.

Statnetts planer i området

Lindås transformatorstasjon

Statnett har søkt konsesjon for økt transformering i Lindås transformatorstasjon. I all hovedsak er dette tiltak innenfor Statnetts egen eiendom. Men knyttet til anleggsarbeider vil det være behov for midlertidig rigg/lager-arealer i krysset ved Sambindingvegen og et opparbeidet areal lenger nordøst som grovskissert på vedlagt kartskisse. Det er opprettet dialog med grunneier om dette.

Offentlig høring av konsesjonssøknad er planlagt til høsten 2021. Oppstart byggearbeider er planlagt høsten 2022 med ferdigstillelse høsten 2024. Det kan bli justeringer i tidsplanen.

To nye kabler i Fensfjorden

Fra muffeanlegget (overgang luftledning og kabel) og ut i Fensfjorden planlegger Statnett å legge to nye kabler. Det er 4 kabler i dag. Det er gjort forberedelser til dette i landtaket slik at de nye kablene kommer på nordsiden av de eksisterende. Det må graves grøft fra landtaket og opp til muffeanlegget slik at det vil være behov for midlertidig arealbruk utover selve kabeltraseen.

Statnett planlegger konsesjonssøknad rundt sommer 2021 med offentlig høring høsten 2021/vinter 2022. Anleggsarbeider er planlagt til 2024. Det kan bli justering i tidsplanen.

Inntegning i plankartet – merknad

Statnetts byggeforbudsbelte tilhørende 300 (420 kV) transmisjonsnettledningen Haugsvær – Lindås er inntegnet i plankartet *på grunnen, VN 2.*

Statnett ber om at hensynssonen også trekkes over Statnetts eiendommer gbnr 128/120 (Austrheim) og 127/140 (Alver) på det samme plankartet. Disse arealene er også underlagt anleggskonsesjon etter energiloven.

Anleggsarbeid nært høyspentanlegg – 30 meters varslingsgrense

Det må ikke iverksettes tiltak som medfører forringelse av adkomst til Statnetts anlegg. Det må heller ikke gjøres inngripen i terrenget som medfører endring av overdekningen over jordkabler, skade på mastejording eller oppfylling av terrenget som medfører redusert høyde opp til luftledningsanlegg.

Arbeid nært spenningssatt anlegg, for eksempel sprengningsarbeid, anleggsarbeid og skogsarbeid, må skje på en måte som ikke gir fare for skade på personell eller Statnetts ledninger, maskiner og utstyr.

Det er en varslingsplikt for slikt arbeid dersom det skal foregå nærmere enn 30 meter målt horisontalt fra nærmeste strømførende line. Statnett skal da kontaktes seinest 6 uker før planlagt oppstart av arbeidet, slik at befaring kan gjennomføres og avtale om aktuelle sikkerhetstiltak kan inngås.

Det vises ellers til veiledning på Statnett sin hjemmeside;

https://www.statnett.no/om-statnett/vart-hms-arbeid/arbeid-nar-hoyspentanlegg/

samt publikasjonen "Anleggsmaskiner og elektriske anlegg" som finnes der.

Statnett ber om at den sistnevnte publikasjonen følger det videre planarbeidet da denne illustrerer grunnlaget for vårt HMS-arbeid ved ledninger og kabler som er spenningssatt.

Statnett ber om at ROS-analyse for planen/tiltaket gjennomføres med hensyn til transmisjonsnettet som kritisk infrastruktur. Analysen må behandle både gjennomføring og ferdig bygget anlegg.

Statnett ber om å få være høringspart i det videre planarbeidet.

Med vennlig hilsen

Rune Garberg
Seniorrådgiver

Lars Erik Vindfallet Lauritsen
Seniorrådgiver

Kopi: NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT NVE



Figur 1 - Viser Lindås transformatorstasjon og ledningstrase mot Fensfjorden. Grønne stiplede arealer (grovskisse) planlegges for midlertidig bruk etter avtale med grunneier

Statsforvaltaren i Vestland

Vår dato: 22.06.2021

Vår ref: 2020/18820

Dykkar dato: 21.05.2021

Dykkar ref:

Alver kommune
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Saksbehandlar, innvalstelefon
Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352
Julie Marie Andersen, 5557 2355
Tom N. Pedersen, 5557 2119

Foreløpig uttale til offentleg ettersyn av reguleringsplan for Grøn omstilling av Mongstad - Alver

Vi viser til brev frå Alver kommunen 20.05.2021. Reguleringsplan for Grøn omstilling av Mongstad er til offentleg ettersyn. Det er utarbeida konsekvensutgreiing som del av planarbeidet.

Vi har i denne saka gitt Alver kommune eit tilbod om dialogmøte. På grunn av avvikling av sumarferie hos både Statsforvaltaren og kommunen var det ikkje mogleg å ha dialogmøte før i september. Kommunen ønsket å arbeide vidare med planen og det blei difor bestemt at Statsforvaltaren skriv ein foreløpig uttale til planen. På den måten kan kommunen/plankonsulent arbeide vidare med planen, utan eit lengre opphald. Statsforvaltaren har fått utsett medverknad til etter at vi har mottatt eit revidert planforslag.

Planområdet strekk seg inn i Alver og Austrheim kommunar. Vi gjer derfor merksam på at denne uttalen gjeld for heile planen og planområdet i begge kommunane. Vi ber om at kommunane samordnar planarbeidet. Statsforvaltaren har fått utvida høyringsfrist frå Alver kommune av grunn som nemnd ovanfor. Vi ber om at Austrheim gir det same.

Planområdet og formål med planen

Planområdet er lokalisert på Mongstad, nord i Alver kommune, ved grensa til Austrheim kommune. Planområdet er ca. 1140 daa på bakkeplan og ca. 578 daa under bakkeplan. Ca. 55 daa av planområde i nordvest ligg i Austrheim kommune. Reguleringsplanen erstattar i si heilheit gjeldande plan for område med namn Storhamn Mongstad.

Formålet med reguleringsplanen er å leggje til rette for etablering av energitunnellar og landbasert oppdrettsanlegg inkludert eige osmoseanlegg for produksjon av ferskvatn og biogassanlegg for handtering av fiskeslam og klekkeri/smoltanlegg. Energitunnelane vil blant anna utnytta overskotsenergi frå raffineriet til å redusera mengda energi som trengs ved drift av oppdrettsanlegget.

Statsforvaltaren sine merknader
Det er positivt at ein planlegg å nytte eksisterande industriareal for å legge til rette for oppdrett på land. Statsforvaltaren er likevel uroa for naturmangfald og vasskvalitet i sjøen. Vi er også uroa for påverknad i strandsona i denne saka.

Planområdet ligg innanfor vassførekomst Fensfjorden, som er registrert med god økologisk tilstand, og dårleg kjemisk tilstand. Konsekvensutgreiinga bygger på kjent kunnskap om naturmangfald og kva verknad eit oppdrettsanlegg på land kan få for naturmangfald mm. Sjølv om ein seinare skal søke om løyve om utslepp etter forureiningslova, må det også gjerast tilstrekkeleg konsekvens-utgreiing for å avklare plantema og planformåla etter plan- og bygningslova. Ein må gjere dei nødvendige vurderingane om verknadene og med gode nok og sannsynlege føresetnader. Det gjeld m.a. for vurderingar om kva verknad planen vil få på naturmangfald og om vasskvalitet, til å vurdere om dette er ein god plassering for tiltaket, og om det er naudsynt å sette miljøkrav etter pbl. § 12-7. Konsekvensutgreiinga har ein stor grad av usikkerheit når det ikkje er gjort straummålingar eller spreiingsmodulering, og det ikkje er opplyst kva mengde utslepp det er kalkulert med i vurderingane.

Det står i konsekvensutgreiinga at tiltaket vil føre til store utslepp, men at det truleg vil bli sett krav om høg grad av reinsing. Vi vil gjere merksam på at det vi har fått rapportert av reinsegrad på utslepp av nitrogen, er i storleiken 10 % i anlegg (gjennomstrøymingsanlegg og RAS anlegg). Det er mogleg med høgare reinsegrad når ein nyttar RAS 2 anlegg, men dette ser ut til å er svært kostnadskrevjande. Erfaring frå Danmark tilseier at ein kan vente 50% reduksjon av nitrogen-utsleppa. Slik vi ser det, er det ikkje realistisk å rekne med ein «høg» grad av reinsing. Utsleppa vil verte store om ein skal leggje opp til eit oppdrettsanlegg her. Planarbeidet skal ikkje gje utsleppsløyve, men arbeidet må vise at det er mogleg og fornuftig å legge til rette for eit anlegg her.

Det skjer mykje i Fensfjorden for tida og det er gitt store utsleppsløyve til tiltak, som ikkje er starta ennå, på andre sida av fjorden. Dette er komande utslepp som vil kunne påverke vasskvaliteten og naturmangfald i området og vi kan ikkje sjå at dette er med i vurdering av samla belastning.

Resipienten vert skildra som "ikkje maksimalt utnytta resipientkapasitet". Dette er ei uheldig formulering. Det er ikkje eit mål å utnytte resipienten maksimalt. Det er eit mål å ha god vasskvalitet i fjordane våre. Det må visast at det er det blir lagt til grunn for vurderingane. Planen må vurdere og sette rammer for kva ein kan akseptere av påverknad.

Statsforvaltaren vurderer at konsekvensutgreiinga manglar ein spreiingsmodell over «tenkte» utsleppsmengder for heile fjordsystemet. Då må det sjåast på forskjellige aspektar over korleis ein ser for seg at utslepp skal bli med tanke på mengde, utsleppspunkt og djup. Modellen må inkludere alle andre utslepp av næringsstoff til fjordsystemet (avløp, oppdrett (land og sjø), og eventuelt landbrukspåverknad). Konsekvensutgreiinga må då også vurdere påverknad på strandsona, tareskog og rekreasjonsområde i samsvar med resultata frå modellen. Større utslepp kan føre til påverknad på til dømes badeplassar i området, og det er viktig at opplevinga av strandsona også tas med som eit tema.

På bakgrunn av oppdatert konsekvensutgreiing må det vurderast om dette er ei god plassering av eit oppdrettsanlegg på land og om det er naudsynt med føresegn som omhandlar miljøkrav og overvaking.

Konklusjon

Statsforvaltaren vurdere at det må gjerast tilleggsutredningar til konsekvensutgreiinga for å kunne vurdere verknad for naturmangfald og vasskvalitet. Etter at dette er gjort, må det vurderast om det er naudsynt med føresegn om til dømes miljøkvalitet og overvaking.

Med helsing

Svein Kornerud
fagdirektør

Hege Brekke Hellesøe
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Statens vegvesen Region vest	Postboks 43	6861	LEIKANGER
Vestland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	BERGEN
Austrheim kommune	Kommunehuset	5943	AUSTRHEIM

Vår dato: 22. juni 2021
Vår ref.: 2021/44682-3
Saksbehandler: Hanne Gunnarskog
Telefon: +47 980 84 528
E-post Hanne.Gunnarskog@bergenhavn.no
Deres ref.:

ALVER KOMMUNE
Kvernhushaugane 2

5914 ISDALSTØ

Uttale vedr - Offentleg ettersyn & høyring - PlanID 46312020006, gnr-bnr 127-91, Grøn omstilling av Mongstad, Alver kommune

Vi viser til deres brev av 21.05.2021 vedrørende ovennevnte.

Bergen Havn Farvannsforvaltning IKS (BHF IKS) har fått delegert myndigheten som tilligger kommunen etter Lov om havner og farvann (hfl.) av 21.06.2019 jf. § 4 fra Alver, Askøy, Austrheim, Bergen, Bjørnafjorden, Fedje, og Øygarden kommune.

Hfl. har som formål å fremme sjøtransport som transportform og legge til rette for effektiv, sikker og miljøvennlig drift av havn og bruk av farvann

Vurdering av planforslaget

Plankartet viser ikke konkrete tiltak, vi ber derfor om å få tilsendt tegninger når disse er ferdig utarbeidet. På dette stadiet i planarbeidet kan vi ikke se at planene vil komme i konflikt med de interesser som vi er satt til å ivareta.

Vi gjør imidlertid oppmerksom på at planområdet berøres av hoved- og bileden i området, og at det er Kystverket sitt myndighetsområde etter hfl. § 14 annet ledd.

Videre minner vi om at tiltak som bygging, graving, utfylling i sjø samt andre tiltak som kan påvirke sikkerheten eller ferdselen i sjøområdet krever tillatelse fra BHF IKS, jf. hfl. § 14, første ledd. En orientering om denne søknadsplikten bør etter vår vurdering inntas i reguleringsbestemmelsene. Det er ikke tilstrekkelig at tiltaket er vist i planen. Søknad må sendes hertil i god tid før tiltak iverksettes. BHF IKS og Kystverket vil avklare internt hvem som skal behandle søknaden så snart den er mottatt.

Med hilsen
Bergen Havn Farvannsforvaltning IKS

Hanne Gunnarskog - saksbehandler

Dokumentet er godkjent elektronisk.

Vestland fylkeskommune

Strategisk utvikling og digitalisering
SUD - Plan, klima og folkehelse

Vår referanse 2020/79013-17
Dato 25.06.2021

ALVER KOMMUNE
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Fråsegn til høyring av detaljregulering Grøn omstilling av Mongstad, gnr 127 bnr 91 mfl. PlanID 46312020006 - Alver og Austrheim kommunar

Vi viser til brev om høyring av forslag til detaljregulering for Grøn omstilling av Mongstad. Det meste av planområdet ligg innanfor Alver kommune, medan ein mindre del er innanfor Austrheim kommune. Hovudføremålet er å leggje til rette for energitunnelar under bakkenivå, nytt hydrogenanlegg og oppdrettsanlegg på land. Føremålet er i hovudsak i samsvar med kommuneplan. Føremålet er i hovudsak i samsvar med kommuneplan.

Vestland fylkeskommune vurderer reguleringsplanen ut i frå fylkeskommunens sektoransvar og målsettingar i regionale planar, i tillegg til vår fråsegn til oppstartmeldinga i brev av 28.1.2021. For kommunane i Sogn og Fjordane og kommunane i Hordaland gjeld dei vedtekne regionale planane fram til desse vert avløyst av nye planar i Vestland.

Vurdering

Klima og miljø
Vi viser til Statsforvaltaren si fråsegn til planframlegget av 22.6.2021, som legger vekt på at føreslått akvakulturanlegg ikkje er tilstrekkeleg konsekvensutgreidd: *Statsforvaltaren vurdere at det må gjerast tilleggsutredningar til konsekvensutgreiinga for å kunne vurdere verknad for naturmangfald og vasskvalitet*. Vi stør Statsforvaltaren sin vurdering at planframlegget ikkje i tilstrekkeleg grad har vurdert konsekvensane av eit landbasert akvakulturanlegg her. Vi rår difor til at konsekvensane vert utgreia ytterlegare, slik at planen sine verknader i området vert synleggjort, og at evt. avbøtande tiltak vert lagt inn som del av planarbeidet.

Veg og infrastruktur
Til oppstartsvarsel og høyring av planprogram hadde vi fleire merknader som omhandla tilkomst til overordna vegnett, tilkomstveg til planområdet og forholdet for mjuke trafikantar frå fylkesveg og fram til planområdet. Vi bad og om ei trafikkanalyse og ei vurdering av planen i høve til andre planar i området.

Vårt fokus i dette planarbeidet er knytt til forholdet til fv. 57 og gang- og sykkelsamband frå kollektivhaldeplass til planområdet. Sidan industriområdet har fleire tilknytingspunkt til fylkesvegen, ville det vore nyttig med ei oppstilling av kva planar som gjeld og kva rekkefølgje krav som er omfatta av desse tema.

Planomtalen:
Punkt 3.12 tek for seg dagens tilhøve for veg og trafikk. Den viser til at det er to tilkomst til området, om Litlåsen og veg om Storemyra. Den skildrar og tilhøva som gjeld mjuke trafikantar og kollektiv.
Planomtalen skildrar trafikksituasjonen slik den er i dag.

Forholdet til andre planarbeid:

Industristaden har fleire tilknytingspunkt til overordna vegnett. I følgje Kommunedelplan for Lindåsneset – Mongstad (2010) skal det byggjast tunnel frå Hope, som skal avlaste dagens trase. Dersom denne ikkje lenger er aktuell vil det vere relevant å stille strengare krav til tilkomstvegen som går om Mongstad sør.

Det er utarbeidd reguleringsplan for kryssområdet i Mongstad sør «Rv. 57 Kryss Mongstad sør» vedtatt i 2007. I følgje føresegn 2.3 til planen skal krysset utbetrast før ein startar utbygging av Mongstad sør. Vi stiller spørsmål om det pågåande planarbeidet er omfatta av dette rekkjefølgjekravet.

Det er i tillegg eit pågåande planarbeid «Fv. 57 med gang- og sykkelveg Lindås tettstad - Mongstad», som legg nye føringar for krysset i Mongstad sør.

Tilkomst til området:
Planarbeidet vurderer ikkje tilkomst til området for mjuke trafikantar. Dersom tunnel ved Hope ikkje lenger er aktuell og vegen om Storemyra er alternativet som skal nyttast i overskodeleg framtid, bør planarbeidet vurdere tilkomstvegen mellom fylkesveg 57 og til industritomta. Det er dels tilrettelagt med gang- og sykkelvegar innan industriområdet, og det vil vere naudsynt og sikre trygg tilkomst frå fylkesveg 57 og kollektivhaldeplass.

Trafikkanalyse:
Det er lagt ved ei enkel trafikkanalyse, som er basert på ein rapport frå planarbeidet for Mongstad Storhamn. I tillegg er det føretatt ei teljing i krysset for å estimere trafikken inn og ut på fylkesvegen. Dette er positivt. Den viser og til ulke trafikale utfordringar knytt til fylkesveg og internveg.

Analysen baserer seg på «Netto trafikkauke» som følgje av etablering av landbasert oppdrettsanlegg, og ikkje heile planområde i seg sjølv. Konklusjonen i analysane er at krysset har tilstrekkeleg kapasitet til å handtere trafikkauken som kjem som ei følgje av utbygging av landbasert oppdrettsanlegg. Det er vidare gjort ei enkel vurdering av T-kryss eller rundkøyring ved ei eventuell utbetring..

Figurane i analysen kan ikkje lesast. Det er og vanskeleg å setje seg inn i bakgrunnen for konklusjonane, og vi meiner det er ei mangel med planarbeidet at ikkje dagens planar og pågåande planarbeid er trekt inn i desse vurderingane.

Rekkjefølgjekrav:
Til føresegnene er det utarbeidd eit rekkjefølgjekrav jf. § 6.4:

> «Når teoretisk belastningsgrad i krysset Storemyrveien x fv. 57 passerer 1.0 (jf. trafikkanalyse datert 09.03.21 må krysset utbedres i henhold til Stetens vegvesens vegnormal for dette».

Dette er eit rekkjefølgjekrav vi er svært kritisk til slik det er formulert.

Trafikkanalysen har kun fokus på trafikkavvikling og har ikkje vurdert utforming av krysset, trafikktryggleiksvurdering eller kva behov det er for oppgradering av krysset. Vi er til dømes usikre på kven som har ansvar for å vurdere belastningsgraden?

Det må som minimum utarbeidast eit rekkjefølgjekrav som er knytt til utbygging (til dømes BRA), og som stiller krav til at krysset skal vere ferdig regulert. Vi ber om at det vert vidare dialog om rekkjefølgjekrav.rør ved

Konklusjon

Vi meiner planleveransen er mangelfull for områda naturmangfald, trafikk og samferdsle. Planen svarer i liten grad ut merknadene våre til oppstart av planarbeidet, på tema som rør ved veg og infrastruktur.

Planen knyt ikkje til seg krav for mjuke trafikantar som er sett mellom anna i kommunedelplan for området. Dersom tunnel frå Hope ikkje lenger er aktuell vil det vere relevant å stille strengare krav til tilkomstvegen som går om Mongstad sør. Det er ikkje vist til godkjent plan for krysset Mongstad sør, eller det pågåande planarbeidet for fylkesveg 57. Vi meiner at dette er forhold som må vurderast meir grundig før planen vert vedtatt.

Vi meiner trafikkanalysen er mangelfull og baserer seg berre på effektivitet i krysset. Vi saknar ei meir grundig vurdering av kryssområdet, forholdet til trafikktryggleik, og forholdet for mjuke trafikantar mellom fylkesveg 57 og planområdet. Rekkjefølgjekravet må knytast til andre forhold enn belastningsgrad av krysset. Vi ber om ei vidare dialog om utforming av rekkjefølgjekrav.

Med helsing

Eva Katrine Ritland Taule
fagleiar

Liz Eva Tøllefsen
seniorrådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift

Saksbehandlarar:

Liz Eva Tøllefsen, seksjon for plan, klima og folkehelse

Tone Bøyrum, seksjon for veg og infrastruktur

Mottakarliste

AUSTRHEIM KOMMUNE	Sætremarka 2	5943	AUSTRHEIM
ALVER KOMMUNE	Postboks 4	5906	FREKHAUG

Kopi til:

STATSFORVALTAREN I VESTLAND	Njøsavegen 2
STATENS VEGVESEN LEIKANGER KONTORSTED	Askedalen 4

Direktoratet for mineralforvaltning
med Bergmeisteren for Svalbard

Alver kommune
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Dato: 30.06.2021
Vår ref: 20/04137-5
Deres ref:

Fråsegn til høyring og offentleg ettersyn for Grøn omstilling av Mongstad (planid: 46312020006), Alver kommune

POST- OG BESØKSADRESSE
Ladebekken 50
7066 Trondheim

TELEFON + 47 73 90 46 00
E-POST post@dirmin.no
WEB www.dirmin.no

GIRO 7694.05.05883
SWIFT DNBANOKK
IBAN NO5376940505883
ORG.NR. NO 974 760 282

SVALBARDKONTOR
TELEFON +47 79 02 12 92

Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmeisteren for Svalbard (DMF) viser til ovannemnde sak, datert 20. mai 2021.

DMF er statens sentrale fagmyndigheit ved forvaltning og utnytting av mineralske ressursar, og skal bidra til størst mogleg samla verdiskaping basert på ein forsvarleg og berekraftig utvinning og foredling av mineraler. Vi forvaltar lov om erverv og utvinning av mineralske ressursar (minerallova), og har eit særleg ansvar for at mineralressursar blir teke omsyn til i saker etter plan- og bygningslova.

Sentrale mål i mineralforvaltninga er å sikre tilgangen til mineralressursane i framtida og å hindre at viktige førekomstar blir bandlagt av arealbruk som utelukkar framtidig utnytting.

Om planen

Det er utarbeida forslag til detaljreguleringsplan for Mongstad - Energitunnel og oppdrettsanlegg på land.

I planforslaget er det avsett areal til næringsbygningar for etablering av oppdrettsanlegg, osmoseanlegg og biogassanlegg innomhus i austre del av planområdet, i tillegg til hamn og hamneområde i sjø. Formålet er å legge til rette for energitunnelar og etablering av landbasert oppdrettsanlegg.

I gjeldande kommunedelplan er planområdet sett av til næring, hamn og sjø. Planområdet inngår i tre gjeldande: Storhamn Mongstad (vedtatt 2012), reguleringsplan for deler av Mongstad industriområde (vedtatt 2010) og reguleringsplan for Statoil Mongstad (vedtatt 2014).

Fråsegn frå DMF

DMF ga fråsegn til varsel om oppstart av planen datert 01.02.2021. I fråsegna framheva DMF at planområdet rører ved ein pukkførekomst, Kvernhusviki, som er vurdert til å ha lokal betydning i Noregs geologiske undersøking (NGU) sin grus- og

pukkdatabase[1]. Videre oppmoda vi om at plandokumenta skulla gjere greie for videre bruk av område der det tidlegare har vorte teke ut massar, kva massar som takast ut av området skal nyttast til og at NGU sin grus- og pukkdatabase blir lagt til grunn i konsekvensutgreiinga for vurdering av mineralressurser i området.

DMF registrer at fråsegn til varsel om oppstart er tatt til følgje i planforslaget. DMF kan sjå at mineralske ressursar inngår i vurderinga i konsekvensutgreiinga og at NGUs ressursdatabase er lagt til grunn for vurderinga. Vi ser og at krav om massehåndteringsplan for nye tiltak i føresegnene til planen kan bidra til at eigna ressursar vert utnytta. DMF har dermed ikkje fleire merknadar til høyring og offentleg ettersyn av reguleringsplan for Grøn omstilling av Mongstad.

For nærmare informasjon om minerallova med tilhøyrande forskrifter, sjå heimesida vår på www.dirmin.no. Her finn du og vår digitale kartløysning, som er eit nyttig verktøy for oppdatert informasjon om mineraluttak, bergrettar m.m., supplert med relevante kartdata frå andre etatar.

Med helsing

Dragana Beric Skjøstad
seksjonsleiar

Øyvind Wormdal Selboe
rådgjevar

Dokumentet er elektronisk signert og har difor ikkje handskrivne signaturar.
Sakshandsamar: Øyvind Wormdal Selboe

Mottakarar:

Alver kommune	Postboks 4	5906 FREKHAUG

Kopi til:

[1] Pukkførekomst Kvernhusviki, Grus – og pukkdatabasen (NGU): https://aps.ngu.no/pls/oradb/grus_GP_Del_fakta_KS.fkom_besk?p_objid=106893

FISKARLAGET VEST

og Fiskarlagets Servicekontor AS, avd. Vest

Bergen, 02.07.21

Vår ref: 2020/1716
Sakshandsamar: Eirin Kongestøl Espeland

Dykkar ref:

Alver kommune

Alver, Mongstad – detaljregulering grøn omstilling

Viser til brev av 23.06.21, med vedlegg, frå Alver kommune om ovannemnde sak.

Fiskarlaget Vest visar til vår uttale til oppstart av planarbeidet av 29.01.21, og ber om å få framtidige tiltak i sjø som t.d. utfylling og kablar til høyring.

Med helsing
Fiskarlaget Vest

Britt Sæle Instebø
Dagleg leiar

Eirin Kongestøl Espeland
Rådgjevar

Kopi: Nordhordland Fiskarlag
Fiskeridirektoratet region Vest
Statsforvalteren i Vestland

Brevet er godkjent elektronisk og blir sendt utan handskriven underskrift.

Adresse:
Slottsgt. 3
N-5003 BERGEN

Telefon: 55553980
e-mail: *vest@fiskarlaget.no*

Bankkto: 6511.05.05331
Org.nr: NO 938 613 109
Org.nr: NO 984 152 094 MVA

FISKARLAGET VEST

og Fiskarlagets Servicekontor AS, avd. Vest

Bergen, 28.01.21

Vår ref: 2020/1716
Sakshandsamar: Eirin Kongestøl Espeland

Dykkar ref: 10221829-01

Multiconsult Norge AS
v/Christian Frønsdal

Alver, Mongstad – oppstart detaljregulering 127/91 m.fl. – Grøn omstilling av Mongstad

Viser til brev av 11.12.20, med vedlegg, frå Multiconsult om ovannemnde sak.

Fiskarlaget Vest har sendt saka til Nordhordland Fiskarlag.

Generelle merknader
Fiskarane opplever ein stadig større konkurranse om areala, særleg i kystsona. Ein vil peike på at fiskarane i utgangspunktet er positivt innstilt til anna næring og aktivitet, men fiskeri og andre næringar har eit heilt ulikt forhold til bruk av sjøareal. Andre næringar har behov for nye/større sjøområde, medan fiskerinæringa er avhengig av å ta vare på viktige eksisterande fiske-, gyte- og oppvekstområde. Eksempel på konfliktområde er; oppdrett (areal og utslepp av spillfôr/feces/ lusemidlar), vindmøller til sjøs, reguleringsplanar ut i sjø (friluftsområde i sjø, flytebryggjer, m.m.), ankring, avlaups-/vassleidningar, kablar, fritidsinteresser (båttrafikk, fritidsfiske).

Mange meiner at eitt lite enkelt prosjekt ikkje kan skade, men mange nok slike så avgrensar ein tilgjengeleg areal for fiske bit for bit. Det er viktig at tilhøva blir lagt til rette slik at norske fiskarar fortsatt kan skape verdiar av fiske for spesielt kystsamfunna våre. «Sjøvern» er like viktig for fiskerinæringa, som «jordvern» for jordbruk.

Ein må òg vere merksam på at ikkje lyssetjing på land og i strandsona blir slik at det kan blende eller vere til ulempe for fiske/ferdsel på sjøen.

Mongstad
Planarbeidet legg til rette for etablering av energitunnel på land og landbasert oppdrettsanlegg.

Adresse:
Slottsgt. 3
N-5003 BERGEN

Telefon: 91246860
e-mail: *vest@fiskarlaget.no*

Bankkto: 6511.05.05331
Org.nr: NO 938 613 109
Org.nr: NO 984 152 094 MVA

Fiskarlaget Vest viser til kart frå Fiskeridirektoratet si nettside som viser at det er registrert gytefelt og kaste- og låssettingsplass sør for reguleringsområdet. Gytefelt er ikkje nødvendigvis kun avgrensa til dei registrerte områda i kart. I tillegg blir det òg fiska i område som ikkje er registrert. Ein har t.d. «nye» fiskeri som leppefiske og fiske etter sjøkreps.

Fiskarlaget Vest har ikkje merknadar til planarbeidet under føresetnad at ein tar omsyn til det marine liv. Når det gjeld landbasert oppdrett, må ein unngå tilføring av framandartar og kjemikaliar brukt til luse- og sjukdomsbehandling til sjø. Ein føreset at utsleppet er tilstrekkeleg reinsa og blir lagt i eit område med gode straumtilhøve.

Når det gjeld utlegging av leidningar i sjø, føreset ein at det ikkje blir ankringsforbod i området. Leidningane må leggjast utan heng og det må nyttast fester som fiskereiskap ikkje heftar i. Alle leidningar i sjø må sendast til Kartverket for registrering på sjøkart.

Ein vil til slutt gjere merksam på at fiskerinæringa er basert på fornybar biologisk produksjon, og er difor avhengig av eit reint og produktivt kyst- og havmiljø mest mogeleg fritt for miljøgifter, framandstoff og legemiddel. Ein har eit stort felles ansvar, både nasjonalt og internasjonalt, for å oppretthalde eit reint og produktivt hav. Det er avgjerande for kvalitet, omdøme og marknadsverdi for norsk sjømat. Det er viktig å førebyggje då det ofte er vanskeleg og dyrt å rydde opp i ettertid.

Med helsing
Fiskarlaget Vest

Britt Sæle Instebø
Dagleg leiar

Eirin Kongestøl Espeland
Rådgjevar

Kopi: Nordhordland Fiskarlag
Alver kommune
Fiskeridirektoratet region Vest
Fylkesmannen i Vestland

Brevet er godkjent elektronisk og blir sendt utan handskriven underskrift.

FISKERIDIREKTORATET

Adm.enhet: **Kyst- og havbruksseksjonen i region Vest**
Saksbehandler: **Ola Midttun**
Telefon: **46888567**
Vår referanse: **20/19752**
Deres referanse: **20/17061 - 21/34007**
Dato: **02.07.2021**

Alver kommune
Att:
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Offentleg ettersyn og høyring av detaljregulering Grøn omstilling av Mongstad gnr127 bnr91 mfl. - uttale

Vi viser til brev datert 20.05.2021 fra Alver kommune med offentlig ettersyn og høring av forslag til detaljregulering Grøn omstilling av Mongstad gnr. 127 bnr. 91 mfl.

Multiconsult AS har på vegne av Asset Buyout Partners og Mongstad Eiendomsselskap AS utarbeidet forslag til detaljreguleringsplan for Mongstad - Energitunnel og oppdrettsanlegg på land. Formålet med planen er å legge til rette for etablering av energitunneler og etablering av landbasert oppdrettsanlegg inkludert eget osmoseanlegg for produksjon av ferskvann og biogassanlegg for behandling av fiskeslam og klekkeri/smoltanlegg.

Fiskeridirektoratet region Vest ber om at avbøtende tiltak tidsavgrensning sprengningsarbeid utenfor gytetid som er foreslått i konsekvensutredning, tas inn under § 3.9 Forureining, støy og lukt i planbestemmelsene.

Fiskeridirektoratet region Vest sin vurdering
Fiskeridirektoratet har bedt om at tiltak som kan få virkning for sjøareal må konsekvensutredes i forhold til fiskeriinteresser og marint biologisk mangfold. Det er registrert gytefelt (Havforskningsinstituttet) og fiske- og låssettingsplasser i tilgrensende sjøområde. Registrerte kystnære fiskeridata, marint biologisk mangfold og akvakulturtema kan sees i Fiskeridirektoratet sin kartløsning Yggdrasil.

Planomtale med konsekvensutredning
Kap 7.6.2 Naturmiljø
Vi konstaterer at ved gjennomføring av planforslaget (alternativ 1) er påvirkning på marint naturmiljø samlet sett vurdert å være «noko forringa». Spørsmål til konsekvenser av utslepp fra et landbasert oppdrettsanlegg er ifølge konsekvensutredningen usikker; «*Det er knytt usikkerheit til vurderinga, då det krev nærare kunnskap om straumtilhøve og berekning på totalt utslepp. Dette skal handterast gjennom søknad*

om konsesjon for landoppdrettsanlegget. I samband med produksjonskonsesjon vert det også søkt om utsleppsløyve. Dette er ein eigen prosess som vertregulert av andre lovverk, og det vert stilt krav til reinsegrad og utsleppsmengd. Ei vidare vurdering av eventuelle miljøeffektar av utslepp vil måtte følgjast opp i driftsfasa av dei undersøkingane somvert pålagt dersom det vert gjeve utsleppsløyve til tiltaket».
I anleggsfasen kan sprengingsarbeid i forbindelse med etablering av energitunnel påvirke gytefelt; «*Sprenging i anleggsfasen for etablering av energitunnelane kan i perioden det går føre påverke gytefelt, og det bør difor vurderast tidsavgrensing når det gjeld sprengingsarbeid for å være utanfor gytetid*».
Middels verdi, noe forrinnget påvirkning på marint naturmiljø og ubetydelig endring på terrestrisk naturmiljø gir samlet noe miljøskade for naturmiljø.

Det er foreslått følgende tiltak for å redusere skade på marint naturmiljø;

- *Auka kunnskap og krav til tiltak for å handtere risiko må gjerast gjennom søknad om konsesjon.*
- *Reinsing av slam før utslepp avgrensar risikoen ved utslepp. Dette vert ivareteke gjennom konsesjon.*
- *Rømming av fisk frå anlegget vert ivareteke ved prosjektering av anlegget iht. NS 9416 med tilhøyrande forskrifter.*
- *Siltgardin ved etablering av fylling.*
- ***Vurdere tidsavgrensing når det gjeld sprengingsarbeid utanfor hekketid og gytetid.***

Fiskeridirektoratet region vest finner konsekvensutredning som tilfredsstillende utført. I konsekvensutredningen foreslås det å tidsavgrense sprengningsarbeider ved etablering energitunnellene av hensyn til gytefeltet som er registrert i nærliggende sjøområde. Dette er ikke fulgt opp i planbestemmelsene. Fiskeridirektoratet understreker hensynet til å ta vare på kjente gyteområder, og vi ber derfor om at dette punktet tas inn i planbestemmelsene.

Med hilsen

Leni Marie Lisæter
seksjonssjef

Ola Midttun
seniorrådgiver

Brevet er godkjent elektronisk og sendes uten håndskreven underskrift.

Mottakerliste:

Alver kommune	Postboks 4	5906	FREKHAUG

Kopi til:

Fiskarlaget Vest	Slottsgaten 3	5003	BERGEN
Kystverket Vest	Postboks 1502	6025	ÅLESUND
Statsforvaltaren i Vestland	Njøsavegen 2	6863	LEIKANGER
Vestland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	BERGEN

Statsforvaltaren i Vestland

Vår dato: 22.12.2021

Vår ref: 2020/18820

Dykkar dato:

Dykkar ref:

Alver kommune
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Saksbehandlar, innvalstelefon
Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

Samordna uttale - Alver - 127/91 m fl - grøn omstilling av Mongstad - detaljregulering

Vi viser til offentleg ettersyn av detaljregulering av grøn omstilling av Mongstad og vår førebelse uttale til offentleg ettersyn datert 22.06.2021. Kommunen ønska ei avklaring på vår uttale. Det vart avtalt eit dialogmøtet mellom kommunen og Statsforvaltaren for å diskutere konsekvensutgreiinga av naturmangfald og vasskvalitet.

Statsforvaltaren sine merknader i foreløpig uttale datert 22.06.2021:
«Det er positivt at ein planlegg å nytte eksisterande industriareal for å legge til rette for oppdrett på land. Statsforvaltaren er likevel uroa for naturmangfald og vasskvalitet i sjøen. Vi er også uroa for påverknad i strandsona i denne saka.

Planområdet ligg innanfor vassførekomst Fensfjorden, som er registrert med god økologisk tilstand, og dårleg kjemisk tilstand. Konsekvensutgreiinga bygger på kjent kunnskap om naturmangfald og kva verknad eit oppdrettsanlegg på land kan få for naturmangfald mm. Sjølv om ein seinare skal søke om løyve om utslepp etter forureiningslova, må det også gjerast tilstrekkeleg konsekvensutgreiing for å avklare plantema og planformåla etter plan- og bygningslova. Ein må gjere dei nødvendige vurderingane om verknadene og med gode nok og sannsynlege føresetnader. Det gjeld m.a. for vurderingar om kva verknad planen vil få på naturmangfald og om vasskvalitet, til å vurdere om dette er ein god plassering for tiltaket, og om det er naudsynt å sette miljøkrav etter pbl. § 12-7.

Konsekvensutgreiinga har ein stor grad av usikkerheit når det ikkje er gjort straummålingar eller spreiingsmodulering, og det ikkje er opplyst kva mengde utslepp det er kalkulert med i vurderingane.

Det står i konsekvensutgreiinga at tiltaket vil føre til store utslepp, men at det truleg vil bli sett krav om høg grad av reinsing. Vi vil gjere merksam på at det vi har fått rapportert av reinsegrad på utslepp av nitrogen, er i storleiken 10 % i anlegg (gjennomstrøymingsanlegg og RAS anlegg). Det er mogleg med høgare reinsegrad når ein nyttar RAS 2 anlegg, men dette ser ut til å er svært kostnadskrevjande. Erfaring frå Danmark tilseier at ein kan vente 50% reduksjon av nitrogenutsleppa. Slik vi ser det, er det ikkje realistisk å rekne med ein «høg» grad av reinsing. Utsleppa vil

verte store om ein skal leggje opp til eit oppdrettsanlegg her. Planarbeidet skal ikkje gje utsleppsløyve, men arbeidet må vise at det er mogleg og fornuftig å legge til rette for eit anlegg her. Det skjer mykje i Fensfjorden for tida og det er gitt store utsleppsløyve til tiltak, som ikkje er starta ennå, på andre sida av fjorden. Dette er komande utslepp som vil kunne påverke vasskvaliteten og naturmangfald i området og vi kan ikkje sjå at dette er med i vurdering av samla belastning. Resipienten vert skildra som "ikkje maksimalt utnytta resipientkapasitet". Dette er ei uheldig formulering. Det er ikkje eit mål å utnytte resipienten maksimalt. Det er eit mål å ha god vasskvalitet i fjordane våre. Det må visast at det er det blir lagt til grunn for vurderingane. Planen må vurdere og sette rammer for kva ein kan akseptere av påverknad.

Statsforvaltaren vurderer at konsekvensutgreiinga manglar ein spreiingsmodell over «tenkte» utsleppsmengder for heile fjordsystemet. Då må det sjåast på forskjellige aspektar over korleis ein ser for seg at utslepp skal bli med tanke på mengde, utsleppspunkt og djup. Modellen må inkludere alle andre utslepp av næringsstoff til fjordsystemet (avløp, oppdrett (land og sjø), og eventuelt landbrukspåverknad). Konsekvensutgreiinga må då også vurdere påverknad på strandsona, tareskog og rekreasjonsområde i samsvar med resultata frå modellen. Større utslepp kan føre til påverknad på til dømes badeplassar i området, og det er viktig at opplevinga av strandsona også tas med som eit tema.

På bakgrunn av oppdatert konsekvensutgreiing må det vurderast om dette er ei god plassering av eit oppdrettsanlegg på land og om det er naudsynt med føresegn som omhandlar miljøkrav og overvaking.»

Dialogmøte
Med bakgrunn i dette vart dialogmøte halde på teams, den 10.12.2021.

Til stades frå Alver kommune:
- Sara Sekkingstad – ordførar
- Anne Grete Eide – fungerande utvalsleiar
- Siri Therese Sylta – tenesteleiar
- Lennart Falkenberg-Arell – rådgjevar
- Tom Rydland – multiconsult
- Christian Frønsdal – multiconsult

Til stade frå Vestland fylkeskommune:
- Endre Korsøen – seniorrådgjevar, inovasjon og næringsutvikling

Til stade frå Statsforvaltaren:
- Nils Erling Yndesdal - avdelingsdirektør
- Egil Hauge – seksjonsleiar
- Julie Marie Andersen - seniorrådgjevar
- Tom N. Pedersen - seniorrådgjevar
- Hege Brekke Hellesøe - seniorrådgjevar

<u>Kort referat frå møte</u>
Nils Erling Yndesdal ønska velkommen og informerte om samordningsordninga. Statsforvaltaren presenterte først sitt syn på saka. Arealet på land er godt eigna for formålet, men arealet i sjø har eit stort press, med mange aktørar. Det er då viktig å finne ut kva som er fjorden si tolegrense. Nasjonale miljømål må ikkje overskridast. Eksisterande gitte løyve i nærleiken må være med i vurderingane og skildringa av no-tilstand. Konsekvensvurderinga må vurdere nulltilstanden og

verknad av tiltaket. Vil fjorden kunne tole den auka belastninga? Kommunen må vere klar over at storleiken på utslepp frå landbaserte anlegg vert underkommunisert dersom ein ikkje vurderer reell, mogeleg reinsegrad av utslepp i frå RAS-anlegg. Det må vere ei reell vurdering av kva utslepp ein kan forvente.

Alver kommune var oppteken av at det må kome klart fram kva som er tilstrekkeleg kunnskap. Dette er noko vi må vere samde om.

Multiconsult meiner det er for tidleg og unødvendig med ein spreiingsmodell. Det er fleire tilhøve vi ikkje veit og ein slik modell på noverande tidspunkt kan i verste fall vere missvisande. Stasforvaltaren signaliserte at vi skal sjå på vår vurdering av spreiingsmodell på nytt.

Det vart likevel semje om at det skal arbeidast vidare med konsekvensutgreiinga. Statsforvaltaren skal gje ein samordna uttale med konkret tilbakemelding på nivå av konsekvensutgreiinga. Vi skal sjå spesielt på avsnitt som gjeld krav om spreiingsmodell.

Statsforvaltaren si tilbakemelding etter dialogmøte:

Statsforvaltaren står fast på at det er naudsynt å oppdatere konsekvensutgreiinga, særleg av omsyn til tilstand av vassførekomsten.

Vi viser til forskrift om konsekvensutredninger. Konsekvensutgreiinga sitt innhald og omfang skal tilpassast den aktuelle planen og vere relevant for avgjera som skal takast. Han skal ta utgangspunkt i relevant og tilgjengeleg informasjon. Om det manglar informasjon om viktige forhold må ein innhente informasjonen, jf. forskrift for konsekvensutredningar § 17.

Konsekvensutgreiinga skal skildre dagens miljøtilstand og gje ei oversikt over korleis miljøet truleg vil utvikle seg om planen eller tiltaket ikkje vert gjennomført. Denne skildringa skal bygge på tilgjengeleg informasjon, jf. forskrift for konsekvensutredningar § 20.

Konsekvensutgreiinga skal identifisere og skildre dei faktorar som kan verte påverka og vurdere vesentleg verknad på miljø og samfunn på til dømes naturmangfald og vasskvalitet. Skildringa skal omfatte positive, negative, direkte, indirekte, midlertidige, varige, kortsiktige og langsiktige verknader. Samla verknad av planen sett i lyst av allereie gjennomførte, vedtatt eller godkjente planer eller tiltak i influensområdet skal også vurderast, jf. forskrift for konsekvensutredningar § 21.

Rapporten om naturmangfald skildrar dagens miljøtilstand. Vasskvaliteten blei vurdert til å ha god økologisk tilstand, og dårleg kjemisk tilstand. Statsforvaltaren meiner at denne vurderinga ikkje fullt ut er dekkande for faktisk tilstand i fjorden. Nyleg har det blitt gjort målingar som viser at den økologiske tilstanden i vassførekomsten er *moderat*. Årsaka til denne nedgangen er målingar av sink-verdiar over grenseverdi i sediment. Sink kjem i stor grad frå fôring av matfisk og det er forventa at prøvetaking framover vil vise stigande sink-verdiar utanfor influenssona til eit utslepp. I tillegg har undersøkingar frå Oslofjorden og Rogaland vist at sjølv om undersøkingar i fjæresona viser god tilstand, så vil spor av eutrofiering først bli observert i sjøsona, frå lågaste tidevassgrense ned til omtrent 30 meter. Begge desse aspekta må omtalast og vurderast i KU. Miljømåla i vassforskrifta (§4) seier at overflatevatn skal beskyttast mot forverring, forbetrast og gjenopprettast med sikte på at vassførekomstane skal nå minst god økologisk og god kjemisk tilstand. Fensfjorden er per i dag i moderat økologisk tilstand og det statlege miljømålet er at ein må oppnå god tilstand innan 2027. Planen kan difor ikkje opne for tiltak som kan forringe økologisk tilstand ytterlegare.

Rapporten vurderer også verknad av planen. Slik vi ser det underkommuniserer rapporten storleiken av forventa utslepp frå eit landbasert anlegg, og vi kan ikkje sjå at utslepp frå gitte løyve i influensaområdet er tatt med i vurderingane. Vi er difor usikker på om vurderingane av verknad på både naturmangfald i sjø og vasskvalitet er riktige. Vi ser det som ein reell fare at eit oppdrettsanlegg på land her vil kunne bidra til å forringe vasskvaliteten i området, i strid med vassforskrifta.

I vår foreløpige uttale til offentleg ettersyn var vi konkrete på at vi vurderte at ein spreiingsmodell over tenkte utslepp, saman med eksisterande og utslepp frå gitte løyve, kunne vurdere verknad både for naturmangfald, vasskvalitet og strandsone og oppfylle krava forskrift om konsekvens-utgreiingar på ein god måte. Kommunen og tiltakshavar meiner at dette kravet er for omfattande og ønskjer berre å gjere det absolutte nødvendige for å oppfylle krava i KU-forskrifta.

Statsforvaltaren ønskjer å presisere at vi er uroa for vasskvaliteten i dette området. Sjølv om det er god vassutskifting i området, har vi fått indikasjonar på at vasskvaliteten er i ferd med å bli dårlegare. Dette saman med at det allereie er gitt løyve til store utslepp til bedrifter som enno ikkje har starta opp, gjer verknad av enda meir utslepp uoversiktleg og urovekkande. Det er ikkje sjølvsagt at denne bedrifta på Mongstad vil få dei utsleppsløyva dei treng for å drive i den skalaen dei ynskjer. Vi vil difor framleis tilrå at det utarbeidast ein spreiingsanalyse i denne samanheng, for å minske risikoen for bedrifta som ynskjer å etablere seg på Mongstad og for kommunen sin medverknad og kontroll over utviklinga i kommunen.

Statsforvaltaren meiner at som eit absolutt minimum må planen vise at arealet er eigna for eit oppdrettsanlegg på land. Verknad på naturmangfald, vasskvalitet, sediment og strandsone utifrå dagens tilstand og gitte utsleppsløyve må vurderast. Vurderingane må bygge på ei realistisk vurdering av mengde utslepp frå eit oppdrettsanlegg på land. Det må vurderast om det er naudsynt med føresegn om miljøkrav og overvaking. Det kan også vere naudsynt med rekkjefølgjekrav knytt til vasskvalitet og oppstart av tiltaket. Reguleringsplanen må vise korleis ein skal sikre at miljømål i vassforskrifta vert nådd.

Vi forstår det slik at kommunen framleis ønskjer å jobbe vidare med planen, og gjer Statsforvaltaren utsett frist for medverknad til vi har fått eit oppdatert planforslag. Om kommunen vurderer at dei likevel ikkje ønsker å arbeide vidare med planen, må Statsforvaltaren få tilbakemelding om dette med frist for endeleg uttale.

Med helsing

Nils Erling Yndesdal
avdelingsdirektør

Egil Hauge
seniorrådgjevarksjonsleiar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:
Austrheim kommune Kommunehuset 5943 AUSTRHEIM

Statsforvaltaren i Vestland

Vår dato:	Vår ref:
23.05.2022	2020/18820
Dykkar dato:	Dykkar ref:

Alver kommune
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Saksbehandlar, innvalstelefon
Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352
Tom N. Pedersen, 5557 2119
Julie Marie Andersen, 5557 2355

Uttale - Begrensa høring - Alver - 127/91 m fl - grøn omstilling av Mongstad - detaljregulering

Vi viser til brev frå kommunen datert 02.05.2022. Saka gjeld avgrensa høyring av detaljreguleringsplan for Grøn omstilling av Mongstad. Vi viser til våre tidlegare uttaler datert 22.12.2021 og 17.03.2022.

Plankart 2, føresegner, planomtale med KU, naturmangfaldrapport, trafikkanalyse, ROS-analyse og merknadsskjema er revidert. Samandrag av ROS i planomtale vert oppdatert i høve endring i sjølve ROS-analysen ved 2 gongs handsaming.

Statsforvaltaren si vurdering
Etter det vi kan sjå er naturmangfaldrapporten og planomtalen med konsekvensutgreiinga no oppdatert med eksisterande kunnskap om tilstand i fjorden. Når det gjeld vurdering av verknad av planen for tilstand i sjøen, så vurderer vi framleis at planen underkommuniserer utslepp og utsleppsmengda.

Rapporten framstiller reinsetiltaka som at dei nærmast fullstendig skal fjerne sink frå utsleppet. Vi veit at sink i fôret i stor grad er bunde til fiskeavføringa. Men erfaringa vi har frå landbasert settefiskproduksjon er at berre 1/3 av partikulært organisk materiale kan samlast opp. Sinkutsleppet vil nok bli redusert, men langt frå fjerna.

Prosjektet ser for seg enkel filtrering av utsleppet. Anlegget skal fungere som gjennomstrøymingsanlegg med partikkeloppsamling. Vi veit at 2/3 av utsleppet er oppløyste næringssalt. Store anlegg kjem til å ha store utslepp. Svært store anlegg vil ha svært store utslepp. Det er skissert eit anlegg med kapasitet for 50 tusen tonn årleg. Det vil gi utslepp av nitrogen tilsvarande ein halv million PE (personekvivalentar). Det er like mye som tidlegare Hordaland fylke, vel og merke før reinsetiltaka som der er satt inn.

Statsforvaltaren meiner det er svært uheldig at planen ikkje tar innover seg at eit større landbasert oppdrettsanlegg kan få følgjer for vasskvaliteten og sediment i fjorden. Vi skal ikkje handsame eit

løyve etter forureinglova i plansaka, men det er likevel uheldig å ikkje vere open på at større utslepp til dette område kan vere problematisk, då planen ikkje vil setje relevante rammer for kva tiltak som kan gjennomførast på arealet. Det kan oppstå ein uriktig forståing av kva risiko ein tek ved å investere i området.

Statsforvaltaren rår til at kommune tar dette på alvor. Vi rår også til at kommunen tar inn føresegn om miljøkrav og overvaking.

Med helsing

Egil Hauge
seksjonsleiar

Hege Brekke Hellesøe
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent